



**SAMARBEIDSAVTALE MELLOM
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
OG
INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD NORD-GUDBRANDSDAL**

Vedlegg til avtale: Delegeringsreglement for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

1. Namn og deltakarar

Rådets namn er Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal (IPR NG) og er oppretta i samsvar med kommunelova kapittel 18.

Rådets deltakarar består av følgjande kommunar og fylkeskommune:

Dovre kommune	org.nr. 939 849 831
Lesja kommune	org.nr. 964 949 204
Lom kommune	org.nr. 959 377 677
Sel kommune	org.nr. 939 617 671
Skjåk kommune	org.nr. 961 381 096
Vågå kommune	org.nr. 939 607 706
Innlandet fylkeskommune	org.nr. 920 717 152

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal er eit eige rettssubjekt.

Sel kommune er kontorkommune.

2. Formål

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal er eit politisk samarbeid som skal bidra til å styrkje regionen som ein berekraftig og konkurransedyktig region. Rådet skal vere ein aktiv pådrivar og arbeide strategisk med samfunnsutvikling i regionen. Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal skal bidra til ei positiv utvikling av regionen og ivareta deltakarane sine interesser på tvers av kommune- og fylkesgrenser og forvaltningsnivå. Rådet skal fremje regionen sine interesser i fylkes- og rikssamheng, og understøtte arbeidet med å fremje Innlandet sin nasjonale posisjon i relevante saker.

3. Mynde og ansvar

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal skal arbeide med saker som fremjar utvikling av regionen sine arbeidsplassar og bustadsattraktivitet. Innlandet fylkeskommune skal tre tilbake i saker om fylkeskommunale høyringar og kommunale utviklingssaker.

Rådet skal utvikle politikk for regionen og stimulere til utvikling innan følgjande område:

- Arbeidsplassar
- Kommunikasjon og infrastruktur
- Attraktivitet

Satsingsområda skal gjennomførast med aktiv bruk av innovasjon. Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal skal gjennom sitt arbeid bidra til å sikre og styrkje det lokale og regionale demokratiet innan arealplanlegging, klima-, energi- og miljøarbeid.

Rådet skal ha fokus på å understøtte arbeidet med å nå Innlandsstrategien sine langsiktige mål:

- Berekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplassar.
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstader og bygder.
- At aktørar i fylket får større nasjonal betydning og synlegheit.

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har mynde til å treffe avgjerder i følgjande saker:

- 4-årig strategisk plan
- Årleg handlingsplan
- Årsrekneskap, årsmelding og budsjett
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Uttalar på vegne av rådet
- Initiativ til utgreiing og eventuell gjennomføring av prosjekt og tiltak innanfor rådet sitt formål, strategi og vedtekne økonomiske rammer
- Oppretting av arbeidsgrupper for mellombelse prosjekt
- Dagleg drift av rådet
- Handsaming av forslag og tilråding til deltakarane om endring i samarbeidsavtalen
- Rådet forvaltar sjølv driftsmessige forhold

4. Representantskap

Deltakarane utøver sin mynde gjennom representantskapet. Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd og vert rekna som eit folkevalt organ etter kommunelova § 5-1 andre ledd bokstav i). Samtlege kommunar i rådet skal vere representerte med tre medlemmar i representantskapet. Kvar kommunestyre vel sine medlemmar og like mange varamedlemmar. Fylkestinget vel inntil to medlemmar og like mange varamedlemmar.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar for ein periode på to år. Leiar og nestleiar vert valde i første representantskapsmøte etter siste kommune- og fylkestingsval, og deretter kvart andre år. I representantskapet har kvar deltakar-kommune tre stemmer og fylkeskommunen to stemmer.

Representantskapet treffer sine avgjerder med alminneleg fleirtal av avgitte stemmer, jf. kommunelova § 11-9 andre ledd.

Representantskapet kan avgjere å halde møta som fjernmøte.

5. Regionstyre

Regionstyret skal bestå av:

- Ordførarane i deltakarkommunane
- Varaordførarane er varamedlemmer for ordførarane
- Fylkeskommunen deltek med ein politisk representant

Regionstyret i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal kan få delegerte oppgåver frå representantskapet. Oppgåvene er lista opp i eit eige delegasjonsreglement som ligg som vedlegg til denne avtalen. Regionstyret sine medlemmer og varamedlemmer blir valde for fire år, tilsvarande valperioden.

6. Møte i representantskap og regionstyre

Som hovudregel skal det vere inntil 5 møte i representantskapet og inntil 6 møte i regionstyret. Det kan bli bestemt å halde møta som fjernmøte. Leiar av kommunedirektørnettverket og ein representant frå fylkeskommunedirektøren blir inviterte til å møte.

7. Administrasjon/Dagleg leiar

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal skal ha ein administrasjon med dagleg leiar som har ansvaret for å ivareta dagleg drift, naudsynt administrativ koordinering og sekretariatstenester for dei politiske organa i samanslutninga. Dagleg leiar har ansvar for førebuande sakshandsaming av saker til handsaming i rådet. Dagleg leiar har ansvaret for oppfølging av representantskapet sine vedtak viss ikkje vedtaket konkret legg ansvaret til andre. Dagleg leiar har ansvar for oppfølging av økonomi og rekneskap for drifts- og utviklingsmidlar.

8. Økonomi

Regionsamarbeidet vert finansiert av kommunale tilskot og prosjektinntekter.

Kommunale tilskot blir fordelt slik:

- 50 % fordelast likt
- 50 % fordelast etter folketal i den einkilde kommune pr. 31.12. siste år.

Framlegg til driftsbudsjett for regionsamarbeidet vert sendt kommunane og fylkeskommunen innan 1. oktober kvart år.

Kommunane pliktar med årlege driftstilskot å bidra til finansiering av drift av regionadministrasjonen og kostnader vedrørende møte i representantskap, regionstyre og andre regionale samarbeidsorgan.

Deltaking i samarbeidet føreset at den einkilde kommune til kvar tid følgjer opp sine økonomiske plikter i samsvar med denne avtala.

Representantskapet vel revisor.

Årsbudsjettet vert vedteke av representantskapet.

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal kan ikkje ta opp lån.

Tilskotsmidlane blir finansiert av Innlandet fylkeskommune og av kommunane i regionen slik det går fram av partnerskapsavtala mellom fylkeskommunen og kommunane.

Kommunane sitt samla bidrag til partnerskapsmidlane skal delast etter ovannemnde finansieringsnøkkelen

Representantskapet forvaltar den årlege økonomiske ramma for partnerskapsmidlane.

Representantskapet kan delegere til regionstyret å forvalte tilskotsmidlar, og kan òg delegere til dagleg leiar å avgjere enkeltsøknader som ikkje overstig eit bestemt beløp.

9. Møtegodtgjersle

Den enkelte deltakar ber sjølv sine kostnader ved deltaking i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal sine møte og aktivitetar, inkludert møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, skyss og diettgodtgjersle til folkevalde og tilsette.

10. Rekneskap og revisjon

Rekneskapet for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal blir ført per dags dato av Snøhetta rekneskap. Ernst & Young utfører per dags dato revisjon for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal.

11. Nye medlemmar

Nye kommunar/fylkeskommunar kan etter søknad takast opp som medlem. Kommunestyra/fylkestinget gjer sjølv vedtak om innmelding og godtek med det samarbeidsavtalen. Opptak av nye deltakarar inneber at endring av samarbeidsavtalen sine føresegner om eigardel og ansvarsdel òg må vedtakast av kommunestyra/fylkestinget i alle deltakarkommunane.

12. Endring av samarbeidsavtalen

Kvar endring av samarbeidsavtalen krev samtykke frå kommunestyra/fylkestinget.

13. Uttreden

Dersom ein deltakar ønskjer å melde seg ut av samarbeidet, må kommunestyret/fylkeskommunen sjølv gjere vedtak om dette og gjere det kjent for representantskapet. Uttreden blir meldt skriftleg til representantskapet med ein frist på minst seks månader før uttreden. Slik uttreden kan tidlegast iverksettast frå næraste årsskifte etter at skriftleg utmelding er sendt representantskapet. Ved uttreden fråskriv deltakarane seg sine eigardelar.

14. Oppløysing

Dersom 2/3 av deltakarane er einige, kan Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal bli oppløyst. Det enkelte kommunestyre/fylkesting gjer sjølv vedtak om dette før eit samla vedtak blir fatta i representantskapet. Det økonomiske oppgjeret ved oppløysing skjer på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fastsett ved siste års kontingentfastsetjing.

Ved eventuell oppløysing skal arkivet oppbevarast av Sel kommune.

15. Formalia

Samarbeidsavtala er særleg hjemla i kapittel 18 i kommunelova. Dekker ikkje teksten i samarbeidsavtala eit tema, skal det trekkjast analogier frå kommunelova.

Denne samarbeidsavtala erstattar «Samarbeidsavtale om regionråd Nord-Gudbrandsdal» av 19.02.21.

Dei enkelte kommunestyra og fylkestinget skal sjølv vedta samarbeidsavtala og eventuelle seinare endringar av denne.

Samarbeidsavtale for interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal er vedteke slik:

Kommune	Kommunestyre sak	Dato
Dovre kommune	2025/46	12.05.25
Lesja kommune	2025/26	08.05.25
Lom kommune	2025/26	22.05.25
Sel kommune	2025/20	05.05.25
Skjåk kommune	2025/23	28.05.25
Vågå kommune	2025/18	08.04.25
Representantskapet	2025/3	07.03.25
Fylkestinget	2025/84	21.10.25

Otta, dato



Magne Vorkinn
Ordfører Dovre kommune



Mariann Skotte
Ordfører Lesja kommune



Harald Sve Bjørndal
Ordfører Vågå kommune



Eldri Siem
Ordfører Sel kommune



Edel Kveen
Ordfører Skjåk kommune



Kristian Frisvold
Ordfører Lom kommune



Thomas Breen
Fylkesordfører, Innlandet Fylkeskommune

Delegeringsreglement for «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal»

1. Navn og forkorting

- Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen og Innlandet fylkeskommune har oppretta «Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal».
- Rådets forkorting er «Regionrådet Nord-Gudbrandsdal». Det blir brukt i resten av delegeringsreglementet og i daglig omtale/bruk.
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal er eit eiga rettssubjekt som er registrert i Brønnøysundregistrene med organisasjonsnummer 976634845.
- Punkt 3 i samarbeidsavtala for Regionrådet Nord-Gudbrandsdal gjev representantskapet sjøl fullmakt til å vedta delegeringsreglement.

2. Prinsipp for delegering

- Alle saker skal være forsvarleg utreda før vedtak blir gjort.
- Alle vedtak skal settast i verk og følgjast opp.
- Eventuelle avvik skal følgjast opp.
- Bruk av delegering skal rapporteres.
- Saman med delegering av fullmakt følgjer også myndigheit og ansvar.
- Hastefullmakt skal berre brukast dersom det er reelt behov for å avgjere ein sak før neste ordinære møte i overordna organ.

3. Delegering til regionstyret

- Regionstyret har fullmakt til å gjera hastevedtak.
- Alle saker som ikkje er prinsipielle kan avgjerast av regionstyret, herunder også fordeling av partnerskapsmidler.
- Regionstyret er fondsstyre for dei ulike fonda som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer.
- Ad hoc-utvalg kan opprettast av regionstyret. Val av medlemmar og varamedlemmar til slike utvalg ligger også til regionstyret.
- Myndigheit til å tilsette og til å si opp dagleg leiar er delegert til regionstyret.

4. Delegering til faste utvalg

- Faste utvalg kan bare vedtas oppnevnt av representantskapet. Representantskapet selv velger også medlemmer og varamedlemmer til slike utvalg.
- Faste utvalg skal innenfor sine fagfelt selv være ansvarlig for å fremme saker direkte til representantskapet.
- Innenfor sitt fagfelt kan det avgis egne uttalelser med mindre disse er av prinsipiell karakter.
- Utvalsleiar er ansvarleg for å informere om utvalets saker og uttale.

5. Delegering til ad hoc-utvalg

- Ad-hoc-utvalg kan oppnevnes av både representantskapet og av regionstyret. Det oppnevvende organet selv velger både medlemmer og varamedlemmer.
- Ad-hoc utvalg skal innenfor sine fagfelt selv være ansvarlig for å fremme saker direkte til regionstyret.
- Innenfor sitt fagfelt kan det avgis egne uttalelser med mindre disse er av prinsipiell karakter.
- Utvalgsleder er ansvarlig for å informere om utvalgets saker og uttalelser.

6. Delegering til regionrådsleder

- Regionrådsleder representerer Nord-Gudbrandsdalen politisk.
- Dersom kort tidsfrist hindrer ordinær behandling i regionstyret og/eller regionrådet, kan regionrådslederen uttale seg på vegne av regionen. Om mulig skal utkast til uttalelser distribueres til regionstyrets medlemmer på forhånd med oppfordring til å komme med innspill før endelig uttalelse avgis. Hasteuttalelser skal refereres i påfølgende møter i regionstyret og representantskapet.
- Regionrådsleder skal, årlig gjennomføre medarbeidersamtale med daglig leder. Denne samtalen danner grunnlag for å fastsette daglig leders lønns- og arbeidsvilkår etter årlig forhandling hjemlet i HTA 3.4.1.

7. Delegering til daglig leder

- Daglig leder er ansvarlig for daglig drift av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. I dette ligger også rett og plikt til å vedta løpende organisering og bemanning av faste stillinger og av prosjektstillinger innenfor gjeldende budsjett.
- Daglig leder har fullmakt til å utlyse stillinger, til å foreta tilsettinger, og til å gjøre vedtak om advarsler, suspensjon, oppsigelse og avskjed.
- Medarbeidersamtaler arrangeres minimum årlig mellom den enkelte ansatte og daglig leder.
- Årlige lønnsforhandlinger med de tilsattes organisasjoner gjennomføres av daglig leder som arbeidsgiver.
- Daglig leder har resultatansvar og tilbakemeldingsplikt til regionstyret og representantskap.
- I saker som fremmes for regionstyret og representantskapet har daglig leder innstillingsrett. Dette gjelder likevel ikke dersom faste utvalg eller ad-hoc-

utvalg har fremmet sak med egen innstilling direkte for henholdsvis representantskap eller regionstyre.

- Søknader om støtte fra de ulike fondene som Regionrådet Nord-Gudbrandsdal disponerer og søknader om støtte fra partnerskapsmidlene kan avgjøres av daglig leder dersom søknadssummen i den enkelte søknaden ikke overstiger 50.000 kroner. Årlig samlet innvilget beløp etter denne fullmakten må ikke overstige kr. 500.000 fra hver av ordningene.
- Daglig leder kan uttale seg på vegne av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal i saker som ikke er av prinsipiell karakter.
- Avtaler om innkjøp, drift, husleie og andre driftsrelaterte avtaler kan avgjøres av daglig leder.
- Innenfor vedtatt driftsbudsjett kan daglig leder foreta justeringer.
- Bevilgninger gitt til driftsformål kan daglig leder vedta er overførbare til neste års budsjett.